

# Ein god dag på jobben, til ei forandring

Arbeidslivet er oppskrytt.

Sanninga er at den dagen du er ferdig med skulen og ferdig med utdanninga di, den dagen er den morsomme delen av livet over, og den kjedelige delen av livet begynner. Og på grunn av stadige medisinske framsteg så blir den kjedelige delen av livet berre lenger og lenger. Sytti-åtti år, i ekstreme tilfelle.



Hovudgrunnen til at denne delen av livet er kjedelig, er arbeidslivet.

Arbeidslivet er oppskrytt.

Det er derfor fritida blir viktigare og viktigare for vaksne folk som har komme seg ut i arbeidslivet. Fritida, det er den tida du bruker til å pusse opp og grille. Det er det ein driv med når ein ikkje jobbar. Ein pussar opp. Og ein grillar. Og ein lengtar etter pensjonsalderen. Lenge.

Arbeidslivet *er* oppskrytt.

Skulelivet er betre enn arbeidslivet. Og studentlivet er betre enn arbeidslivet. Du har det veldig bra på skulen. Du lærer noko heile tida. Du møter vennene dine kvar dag. Du har pausar ganske ofte. Du har det veldig bra som student også. Landets skarpaste hjerner deler sin kunnskap med deg. Det blir arrangert festivalar for deg. Karpe Diem held konsertar for deg. Du kan vere oppe heile natta og møte opp dagen etter bakfull og i kleda frå i går.

Det er ikkje sånn i arbeidslivet. Og her veit eg kva eg snakkar om, for fleire av mine beste venner har fast arbeid. Og eg har sjølv i ein kort forvirra periode hatt ordentlig arbeid, på eit landbrukskontor.

Blei det arrangert landbrukskontoret-festival? Nei.

Spalte Karpe Diem på kontoret? Nei.

Møtte eg opp bakfull i kleda frå i går? Ja. Stadig vekk.

Var det populært? Nei.

Det er ingen tvil: ARBEIDSLIVET ER OPPSKRYTT.

Med eitt unntak.

Operasjon Dagsverk.

Operasjon Dagsverk viser at arbeidslivet kan ha noko for seg. Operasjon Dagsverk er ein dag i arbeid, ein dag som faktisk kan vere til nytte for andre menneske enn deg sjølv. Det er ikkje mange andre arbeidsadagar ein kan seie det om. Dette er sannsynligvis den einaste meiningsfulle dagen du vil ha i arbeidslivet. Så du bør helst gjere maksimalt ut av han.

Dette er ein dag då du kan gjere noko for folk som har verkelige problem. Vi som bur i Norge veit jo som kjent lite om kva det vil seie å ha verkelige problem. Å gå på skule er sjølvsagt for oss. Og meiningsfylte tilbod etter skuletid handlar først og fremst om å hindre at ungdommar kjeder seg. Andre stader kan meiningsfylte tilbod for ungdom handle om å hindre rekruttering til narkotikamiljø, kriminalitet og eit liv i fare.

Det er skilnad på folk.

Ein gong kan ein arbeidsdag vere med på å gjere noko med den skilnaden.

Det må vere arbeidslivet på sitt beste.

Med god margin.